

STYREMØTE 2.okt.-18 kl. 18 på biblioteket.

Desse møtte: Mette Marie, Bjørg, Solveig, Kristin, Nelly, Sunneva.

Sak 72/-18 Verdas matvaredag

Tilstelling tysdag 16.okt. kl.18 på Martin Linge-huset.

Solveig og Bjørg er programleiarar.

Kulturinnslag i starten av møtet: Bjørg ansvarleg.

Bjørg har tinga huset, skal bruke Kultursalen med amfi.

Teknisk ansvarleg: Håkon Myklebust, datahjelp: Anita Dyb Linge.

Hente 2 NBK-rollupar og VBK-skjorter til VBK-medl. - Mette Marie.

Brosjyrer om bygg, skulemat, 120 posar til bygg + byggkorn - Mette Marie.

NBK samarbeider med COOP, byggen kjem til COOP. Stordal.

\*Mette er kjøkkenansvarleg: Lagar 3 rettar med bygg, skal delast ut som smaksprøver.

Nelly lagar 2 skuffekake, Sunneva og Bodil kokar kaffi.

3 stasjonar (Sosialrom, gang oppe, foaje) med mat i pausen: Nelly, Kristin + x .(Mette

spør nokon.)

Innkjøp av kaffi, te, pappservise - Mette.

\*Solveig er søknadsansvarleg + kontakt for personar som skal opptre.

Seniorforsker og professor Einar Risvik og

nestleiar i NBK Grete Brundland kjem på fly, skal hentast,

skal overnatte på Fjordhotellet - Solveig har tinga rom.

Søknadar om pengar til arrangementet er sende til fleire

m.a. Kommunen, Muritunet, Gjensidige, Sparebanken.

Mange Invitasjonar er sende ut, m.a.til fleire bygdekvinnelag, helselag,

Mental Helse i Stordal, "Fjord kommune», Muritunet. Mette ansvarleg+Kristin ansvarleg

for Muritunet.

\*Bjørg er medie og presseansvarleg:

NRK, Sunnmørsposten, fleire lokalaviser blir kontakta. pressekonferanse Kl. 13 på

Fjordhotellet.

Lunsj på hotellet kl.12.15 for Risvik, Brundland og folk frå styret. Solveig varslar.

Gåver: Risvik- belte(Bjørg), G. Brundland og Anita - ikkje bestemt (Nelly).

KØYREPLAN:

Oppmøte kl. 16.30 for alle som skal hjelpe til. VIKTIG!

Lydprøve kl. 17.30

Møtet startar kl. !8.00

Matpause ca. kl.19.30

Sak 73/-18 Meldingar

Gamalt VBK-skåp kan plasserast på bomberommet på skulen. VBK tingar 2 nye skåp på Sosialrommet.

Sak 74/-18 Årsmøte

torsdag 8.okt. kl.17 på Loftstova i 3.etasje på Muritunet.

Ballmiddag p.g.a. byggåret , kake og kaffi -100 kr. i eigenandel.(Mette ansvarleg)

Kulturinnslag, åresal, innslag om Guatemala.

Årsmøtesaker kl.18.30.

Sunneva varslar valnemnda: Judith, Nelly og Kristin.

Bjørg set annonse om årsmøte (og Kveldstur og kveldsmat) i lokalavisa.

Sunneva Linge skrivar